

Til India for å spela konsert!

24.12.2018

Den dyktige bassisten Ruben Aksnes frå Odda og Uskedalen har fått oppleve svært mykje som musikar. Aksnes er no busett i Oslo. I heile september var han på stor Europa-turnè med Trondheims-bandet 22. Då opptredde dei på mange velkjende scenar. Tredje juledag er Ruben klar for nye, store opplevingar. Då set bandet kursen for India og konsertspeling der. Denne gongen er det ikkje snakk om nokon månadslang turnè. Allereie seinare i romjula er Ruben og bandet tilkake i heimlandet, men eit eventyr vert det nok!!

tid